

SVEIO KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 29. april 2014
Tid: kl. 18.00
Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltilf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på *www.kontrollutvalgene.no*.

Rådmannen og økonomisjef er invitert for å orientere i sakene 8-10. I sak 7/14 er prosjektleiar Marit Ness invitert til å orientere om Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst om bruk av spesialpedagogiske tiltak i kommunen.

Sakliste:

- 5/14 Godkjenning av protokoll frå møte 28.01.14
- 6/14 Referat- og orienteringssaker 29.04.14
- 7/14 Delrapportering - forvaltningsrevisjonsprosjektet - spesialpedagogiske tiltak
- 8/14 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2013
- 9/14 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2013
- 10/14 Sveio Bufellesskap FK – rekneskap 2013 m/noter
- 11/14 Oppfølging etter selskapskontroll i SIM IKS
- 12/14 Førespurnad om kontroll av kommunestyrevedtak

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 22.04.14

Håkon Skimmeland
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (m/økonomisjef er invitert i sakene 8-10 og kommunalsjef for oppvekst i sak 7)
Varamedl. (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	05/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 29.01.14

Vedlegg: Protokoll 28.01.14

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.01.14 følger vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.01.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 22.04.14



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **28. januar 2014** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Håkon J. Skimmeland (Ap), Oddbjørg Hovland (MDG/SV), Kristi Henden Tveitaskog (Sp) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Bjørnar Økland (MDG/SV)
FORFALL:	Tor Røkenes (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Ingvill Strand, KPMG,
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Bjarne A. Martinsen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.11.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.11.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.14:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.14:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.11.13 blir godkjent slik han føre.

SAK 2/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.01.14

1. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 85 – Forvaltn. rapport – budsjett- og økon.styring
2. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 98 - Økonomiplan 2014 -2017
3. Budsjett 2014 – ansvarsområde 1010 – kontroll og tilsyn
4. Årsrapport for 2013 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusoversikt januar 2014

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.14:

Leiar gjekk gjennom sakene. Rådmannen supplerte. Han informerte om at det er gjeve signaler om det i nytt inntektssystem kan kome ei auke i tilskotet til vekstkommunar på kostnad av distriktskommunar. Dette vil kome Sveio til gode. Utvalet merka seg at kommunen har 14 mill. kr i sum restanse inkl. div. krav og ønskte å vite om dette var svært høgt samanlikna med andre kommunar. Sekretær sjekkar dette.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.14:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1-6 til orientering.

SAK 3/14 UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT FOR FORVALTNINGSREVISJON - SPESIALUNDERVISNING

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt om spesialundervisning med følgjande formål:..... og aktuelle problemstillingar....., og elles i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS.

Ramma for prosjektet vert sett til maksimalt 200 timer.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.14:

Leiar innleia. Revisor Ingvill Strand, KPMG gjekk igjennom utkast til prosjektmandat, her under bakgrunn for prosjektet, dei ulike alternativ til formål og problemstillingar, metode og forventa tidsbruk. Utvalet drøfta kva dei ønskte å få fram og målet med prosjektet.

Utvalet slutta seg til revisor si tilråding om å leggje fokus på ei årsaksanalyse, men dei ønskte også at ei kartlegging med nøkkeldata vart lagt fram for utvalet til neste møte.

Rådmannen trakk fram det interkommunale samarbeidsprosjektet «Haugalandsløftet» som jobbar for få ned talet på spesialundervisning i regionen. Utvalet meinte det kunne vere nyttig å høyre meir om prosjektet og ønskte å invitere prosjektleiar og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte.

Utvalet var samd om at prosjektet burde skifte namn til «spesialpedagogiske tiltak» og omhandle både skule og barnehage.

Vidare ønsket utvalet at det blei tatt inn i prosjektet ein faktadel med samanlikning av omfanget over tid og med andre samanliknbare kommunar. Revisor meinte det skulle gå greitt med omsyn til tidsbruk og framdriftsplan.

Utvalet slutta seg til framlegg til vedtak slik dei blei samde om i møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.14:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i skule og barnehage med formål å identifisere de viktigaste årsakene til at omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune er så høgt som det er.

Ønska problemstillingar er å:

- 1. kartlegge bruken av sosialpedagogiske tiltak (kven mottar, dei vanlegaste grunn- gjevingane for at born/elevar får til tilbod m.m),*
- 2. finne dei viktigaste/meste sentrale årsakene til at talet på timar er høgt,*
- 3. samanlikne omfanget med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar og elles i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS.*

Ramma for prosjektet vert sett til maksimalt 200 timer.

Kontrollutvalet ønskjer til neste møte 29.04.14 at revisor legg fram ei utgreiing om problemstilling 3 som del av prosjektet før intervjua vert starta opp.

Sveio kontrollutval inviterer prosjektleiar av Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte for å orientere og svare på spørsmål knytte til forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune.

SAK 4/14 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2013

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2013.

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 28.01.14:

Sekretær viste til utsendt rekneskapstal for revisjon. Utvalet hadde elles ingen merknader til utkastet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.01.14:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2013.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.

EVENTUELT

Oppfølging av selskapskontroll i SIM IKS

Leiar etterlyste kva som hadde blitt gjort etter at sak 102/12 om rapport etter selskapskontroll i SIM IKS var oppe i kommunestyret 22.10.12. Revisor sine tilrådingar var delt inn i tilrådingar retta mot selskapets styre/representantskap og kommunane som eigar. For kommunane var det lista opp sju tilrådingar. Rådmannen ville sjekke opp status til neste møte.

Neste møte

Neste møte er sett til **29. april** kl. 18.00. Handsaming av årsrekneskapen vil stå i fokus. Revisjonsmeldinga bør vere klar før påske og det vil seie at økonomavdelinga må gjere sitt til å få all dokumentasjon på plass. Vidare handsaming vil vere formannskapet 5. mai og kommunestyret 19. mai.

I tillegg vil revisor legge fram delprosjekt knytte til spes.ped.-prosjektet og prosjektleiar for Haugalandsløftet vil bli invitert til å orientere.

Sveio/Aksdal, 28. januar 2014

Håkon J. Skimmeland
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	6/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.04.14

Vedlegg:

7. Revidert møteplan 2014 for Sveio kommune
8. Kontrollrapport 2013 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio kommune
9. Frå Årsrapport2013 pkt 3.1 om innfordring og restanser og andre kommuner
10. Skriftleg tilbakemelding vedk. merknader til revisor sitt årsoppgjersbrev for 2012
11. Representantskapsmøte 25.04.14 kl 09.30 - SIM IKS
12. Representantskapsmøte 28.04.14 kl 18.00 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. FKT-konferanse 3.- 4. juni i Haugesund (www.fkt.no)
14. Statusoversikt april 2014

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referatsak 7 – 14 til orientering.

Aksdal, 22.04.14



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.04.14	07/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

DELRAPPORTERING - FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET OM SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK I SKULE OG BARNEHAGE

Vedlegg: e-post 06.03.14 frå Kari Heskjedal, KPMG AS

Saksorientering

Bakgrunn

Kontrollutvalet bad i møte 19.11.13, sak 32/13 revisor om å leggje fram utkast til prosjektmandat for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan skulesektoren. Prosjektet er prioritert i kommunen si vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for inneverande kommunestyreperiode.

I møte 28.01.14, sak 4/14 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i skule og barnehage med formål å identifisere de viktigaste årsakene til at omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune er så høgt som det er.

Ønska problemstillingar er å:

- 1. kartlegge bruken av sosialpedagogiske tiltak (kven mottar, dei vanlegaste grunn- gjevingane for at born/elevar får til tilbod m.m.),*
- 2. finne dei viktigaste/meste sentrale årsakene til at talet på timar er høgt,*
- 3. samanlikne omfanget med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar og elles i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS.*

Ramma for prosjektet vert sett til maksimalt 200 timer.

Kontrollutvalet ønskjer til neste møte 29.04.14 at revisor legg fram ei utgreiing om problemstilling 3, som del av prosjektet før intervjuet vert starta opp.

Sveio kontrollutval inviterer prosjektleiar av Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte for å orientere og svare på spørsmål knytte til forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune.

Bakgrunn for vedtaket var at utvalet slutta seg til revisor si tilråding om å leggje fokus på ei årsaksanalyse, men dei ønskte også at ei kartlegging med nøkkeldata vart lagt fram for utvalet til neste møte.

Rådmannen trakk fram det interkommunale samarbeidsprosjektet «Haugalandsløftet» som jobbar for få ned talet på spesialundervisning i regionen og utvalet meinte det kunne vere nyttig å høyre meir om prosjektet og ønskte difor å invitere prosjektleiar og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte.

Utvalet var samd om at prosjektet burde skifte namn til «*spesialpedagogiske tiltak*» og omhandle både skule og barnehage.

Vidare ønskte utvalet at det blei tatt inn i prosjektet ein faktadel med samanlikning av omfanget over tid og med andre samanliknbare kommunar. Revisor meinte det skulle gå greitt med omsyn til tidsbruk og framdriftsplan.

Delrapporteringa

KPMG blei orientert om vedtaket i brev av 30.01.14. KPMG v/Kari Hesjedal visar i e-post 06.03.14 til vedtaket og gjer i der greie for korleis utgreiinga er tenkt lagd opp:

- *Vi vil gjennomgå KOSTRA tal for Sveio kommune og samanliknbare kommunar (dvs. kommunar som høyrer til same kommunegruppe som Sveio)*
 - *Vi ser for oss at vi vil kunne sjå på publiserte tala for tre siste tilgjengelege år (2012, 2011 og 2010)*
 - *Kostratal for 2013 er ikkje publisert (endeleg tal for 2013 kjem normalt i juni 2014)*
- *Vi vil gjennomgå Sveio kommune sine eigne tal*
- *Vi vil samanfatte talmaterialet, og gjere ein analyse av utviklinga innan kommunen, og av utviklinga sett i høve til samanliknbare kommunar*
- *Vil vil ha samtaler om resultatet av analysen med relevante personar innan skule, barnehage og PPT, for å få deira synspunkt på analysen og moglege forklaringar til utviklinga*
- *Vil vil lage ein presentasjon av utgreiinga, som vil bli lagt fram og presentert i kontrollutvalet sitt møte den 29.4.14*


Utvalet vil kunne få presentasjonen tilsendt saman med protokollen etter møtet. Prosjektleiar for Haugalandsløftet Marit Ness er også informert og har sagt at ho kan møte den 29.04.14. Vidare ønskte utvalet at kommunalsjef for oppvekst og kultur Anita Heggebø møtte.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar delrapportering om arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune til orientering

Sveio kontrollutval tar prosjektleiar av Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst og kultur i sine utgreiingar til orientering.

Aksdal, 22.04.14


Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Emne **Kontrollutvalet i Sveio kommune- orientering om utgreiing av problemstilling 3 i pågåande forvaltningsrevisjon - til møte i utvalet 29.4.14**

Avsender Hesjedal, Kari <Kari.Hesjedal@kpmg.no>

Mottaker 'Toril Hallsjø' <tha@kontrollutvalgene.no>, 'Sveio kontrollutval leiar jobb' <haakon@vikvestly.no>

Kopi til Strand, Ingvill <Ingvill.Strand@kpmg.no>

Dato 06.03.2014 13:59



VEDLEGG
SAK 8/14

Hei,

Viser til protokoll frå møte den 28.1.14 i kontrollutvalet, sak 3/14. I utvalet sitt vedtak står at *"Kontrollutvalet ønskjer til neste møte 29.04.14 at revisor legg fram ei utgreiing om problemstilling 3 som del av prosjektet før intervjuet vert starta opp"*. Problemstilling 3 gjeld samanlikning av omfanget av spesialpedagogiske tiltak med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar .

Til orientering har eg under kortfatta synt korleis KPMG ønskjer å gjere denne utgreiinga:

- Vi vil gjennomgå KOSTRA tal for Sveio kommune og samanliknbare kommunar (dvs. kommunar som høyrer til same kommunegruppe som Sveio)
 - Vi ser for oss at vi vil kunne sjå på publiserte tala for tre siste tilgjengelege år (2012, 2011 og 2010)
 - Kostratal for 2013 er ikkje publisert (endeleg tal for 2013 kjem normalt i juni 2014)
- Vi vil gjennomgå Sveio kommune sine eigne tal
- Vi vil samanfatte talmaterialet, og gjere ein analyse av utviklinga innan kommunen, og av utviklinga sett i høve til samanliknbare kommunar
- Vil vil ha samtaler om resultatet av analysen med relevante personar innan skule, barnehage og PPT, for å få deira synspunkt på analysen og moglege forklaringar til utviklinga
- Vil vil lage ein presentasjon av utgreiinga, som vil bli lagt fram og presentert i kontrollutvalet sitt møte den 29.4.14

Vi vil nok ikkje kunne sende inn ei utgreiing til deg Toril før utvalsmøte, slik at utgreiinga ikkje kan leggjast ved saksinnkallinga. Dette fordi vi per no ikkje kan seie om me vil vere heilt i mål med denne utgreiinga til fristen for utsendinga av sakskartet til utvalsmøte. Men, vi vil kunne sende deg presentasjonen av utgreiinga i forkant av utvalsmøte dersom du ønskjer det. Utvalet vil kunne få utgreiinga tilsendt saman med protokollen etter møtet.

Håper at dette høyrer ut som ein grei framgangsmåte, og at dette er i samsvar med kva de ser for dykk. Ta kontakt med meg dersom de har spørsmål eller lurar på noko i forhold til det eg skriv her.

Med vennlig hilsen / Best regards

Kari Hesjedal
Manager, Advisory
IARCS

KPMG AS
Kanalveien 11
Postboks 4 Kristianborg
5822 Bergen

Telefon: +47 40 63 96 59
Sentralbord: +47 04063

<mailto:kari.hesjedal@kpmg.no>

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.04.14	7/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

DELRAPPORTERING - FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET OM SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK I SKULE OG BARNEHAGE

Vedlegg: e-post 06.03.14 frå Kari Heskjedal, KPMG AS

Saksorientering

Bakgrunn

Kontrollutvalet bad i møte 19.11.13, sak 32/13 revisor om å leggje fram utkast til prosjektmandat for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan skulesektoren. Prosjektet er prioritert i kommunen si vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for inneverande kommunestyreperiode.

I møte 28.01.14, sak 4/14 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

*Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet om **spesialpedagogiske tiltak i skule og barnehage** med formål å identifisere de viktigaste årsakene til at omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune er så høgt som det er.*

Ønska problemstillingar er å:

1. *kartlegge bruken av sosialpedagogiske tiltak (kven mottar, dei vanlegaste grunn- gjevingane for at born/elevlar får til tilbod m.m.),*
2. *finne dei viktigaste/meste sentrale årsakene til at talet på timar er høgt,*
3. *samanlikne omfanget med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar*
og
elles i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå KPMG AS.

Ramma for prosjektet vert sett til maksimalt 200 timer.

Kontrollutvalet ønskjer til neste møte 29.04.14 at revisor legg fram ei utgreiing om problemstilling 3, som del av prosjektet før intervjuet vert starta opp.

Sveio kontrollutval inviterer prosjektleiar av Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte for å orientere og svare på spørsmål knytte til forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune.

Bakgrunn for vedtaket var at utvalet slutta seg til revisor si tilråding om å leggje fokus på e. årsaksanalyse, men dei ønskte også at ei kartlegging med nøkkeldata vart lagt fram for utvalet til neste møte.

Rådmannen trakk fram det interkommunale samarbeidsprosjektet «Haugalandsløftet» som jobbar for få ned talet på spesialundervisning i regionen og utvalet meinte det kunne vere nyttig å høyre meir om prosjektet og ønskte difor å invitere prosjektleiar og kommunalsjef for oppvekst og kultur til neste møte.

Utvalet var samd om at prosjektet burde skifte namn til «*spesialpedagogiske tiltak*» og omhandle både skule og barnehage.

Vidare ønskte utvalet at det blei tatt inn i prosjektet ein faktadel med samanlikning av omfanget over tid og med andre samanliknbare kommunar. Revisor meinte det skulle gå greitt med omsyn til tidsbruk og framdriftsplan.

Delrapporteringa

KPMG blei orientert om vedtaket i brev av 30.01.14. KPMG v/Kari Hesjedal visar i e-post 06.03.14 til vedtaket og gjer i der greie for korleis utgreiinga er tenkt lagd opp:

- *Vi vil gjennomgå KOSTRA tal for Sveio kommune og samanliknbare kommunar (dvs. kommunar som høyrer til same kommunegruppe som Sveio)*
 - *Vi ser for oss at vi vil kunne sjå på publiserte tala for tre siste tilgjengelege år (2012, 2011 og 2010)*
 - *Kostratal for 2013 er ikkje publisert (endeleg tal for 2013 kjem normalt i juni 2014)*
- *Vi vil gjennomgå Sveio kommune sine eigne tal*
- *Vi vil samanfatte talmaterialet, og gjere ein analyse av utviklinga innan kommunen, og av utviklinga sett i høve til samanliknbare kommunar*
- *Vil vil ha samtaler om resultatet av analysen med relevante personar innan skule, barnehage og PPT, for å få deira synspunkt på analysen og moglege forklaringar til utviklinga*
- *Vil vil lage ein presentasjon av utgreiinga, som vil bli lagt fram og presentert i kontrollutvalet sitt møte den 29.4.14*

Utvalet vil kunne få presentasjonen tilsendt saman med protokollen etter møtet. Prosjektleiar for Haugalandsløftet Marit Ness er også informert og har sagt at ho kan møte den 29.04.14. Vidare ønskte utvalet at kommunalsjef for oppvekst og kultur Anita Heggebø møtte.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar delrapportering om arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet om spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune til orientering

Sveio kontrollutval tar prosjektleiar av Haugalandsløftet og kommunalsjef for oppvekst og kultur i sine utgreiingar til orientering.

Aksdal, 22.04.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	8/14
Formannskapet	05.05.14	
Kommunestyret	19.05.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arivsak:
Toril Hallsjø	212	

SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2013
2. Revisjonsmelding for 2013 frå KPMG AS v/Willy Hauge
3. Hovudoversyn – drift og investering
4. Balansen ,
5. skjema 1A og 1B, 2A

Rekneskap og årsmelding for 2013 vert sendt direkte til medlemmene frå kommunen.

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følgjer Sveio kommune sin årsrekneskap for 2013, årsrapport for 2013, signert revisjonsmelding frå KPMG dagsett 10.04.14 (vedlegg 2) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil også rådmann, rekneskapsansvarleg og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget for kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Sveio kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2013 og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen si årsrapport.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 13,9 mill. kroner.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på ca 18,2 mill. kr mot revidert budsjett på 12,1 mill.kr. Det utgjør 4,5 %, som er over anbefalt nivå på 3 %. I fjor var den på 0,9 % og tidlegare åra på 2,5 %.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2013 er på 54,8 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 65,4 mill. kr. Investeringsrekneskapen er ikkje gjort opp i balanse, men har udekka finansiering med kr 0,6 mill. kr.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit **rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot)** på kr 1.501.104,72 og eit **underskot i investering** på kr 603.218.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen.

Eller som det står i kommunelova § 48 pkt 5:

«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.»

Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld likestilling i kommunen. Dette punktet ble tatt inn for ein del år sida og er innarbeida i meldinga. Det skal seiastnoko om tiltak som er iverksett, og tiltak som planleggast for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentarar:

«Det har gjentatte gonger blitt informert om økonomiske utfordringar som følgje av kombinasjonen av sterk folkeauke og implementering av statlege reformar. Meirforbruket på einingane i 2012 var stort (15,3 millionar kroner), dette dels med bakgrunn i det som er omtalt som voksesmerter.

Det vart i fjor også vist til at budsjettprosessane og budsjettoppfølginga av einingane måtte styrkast. Dette har vi til dels lukkast med i 2013. I 2013 var meirforbruket på einingane 9,4 millionar kroner. Sjølv om dette er ei markant betring frå 2012 er framleis meirforbruket på einingane alt for høgt.

I 2014 vil ein styrke budsjettoppfølginga ytterligare for å minimere avviket mest mogleg for inneverande og framtidige budsjettår. For å oppnå ei sunn økonomisk drift, var det i 2013 også naudsynt for kommunestyret å vedta store innsparingar.

Seks sjukeheimsrom ved Sveio omsorgssenter vart vedtatt stengt. Lid skule vart vedteken lagt ned. I tillegg vart det gjort tilpassingar i drifta også andre stader i organisasjonen.

Investeringsnivået vert også kraftig redusert for 2014 (Økonomiplan 2014-2017), sett opp i mot økonomiplanen som vart vedteken eit år tidligare (Økonomiplan 2013-2016). Samla sett var mindreforbruket i 2013 på 1,5 millionar kroner, dette mot eit meirforbruk på 0,6

millionar kr. i 2012. Finansområdet gav positivt resultat samla sett. For fleire nøkkeltal, sjå kapittel for Overordna økonomisk analyse.

Sjølv om kommunen også i 2014 må følgje den økonomiske utviklinga tett og evt. iverksette naudsynte tiltak, meiner rådmannen at ein vil kunne tilby kvalitativt gode og forsvarlege tenester også i tida framover.»

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding innanfor lovfastsett frist, som er 15. april. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sveio kommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- *..... dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.*
- *..... at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.*
- *leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.*

Eventuelt eit årsoppgjersbrev/notat frå revisor vil bli lagd fram for kontrollutvalet i møtet eller i eit seinare møte.

Revisor konkluderer altså med at etter revisors skjønn er det ikkje avdekka forhold som kontrollutvalet pliktar å følgje opp ytterlegare. Kontrollutvalet vel likevel sjølv om det vil knytte kommentarar til forhold i det som er framlagt.

Notatet, saman med meldinga frå revisor, dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere

om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersnotatet. Sekretariatet gjer framlegg om det vert gjort.

Rådmannen vil utarbeide saksframlegg for formannskap og kommunestyre der også framlegg til disponering av mindreforbruket og dekning av underskot på investeringsrekneskapen går fram.

Rådmann og økonomisjef vil orientere om saka på kontrollutvalet sitt møte.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sveio har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.14 på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

Aksdal, 22.04.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Sveio

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen til Sveio kommune for 2013

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 22.04.14, sak 8/14 handsama Sveio kommune sin årsrekneskap for 2013.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga dagsett 10.04.14 og rådmannen sin årsrapport for 2013, og evt. revisor sitt årsoppgjersbrev. I tillegg har revisor og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Årsrekneskapen til Sveio kommune for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 1,5 mill. (kr 1.501.104, 72).

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 18,2 mill. kr, og dette er nytta til avsetningar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2013.

Sveio, 22.04.14

Håkon J. Skimmeland
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Sveio kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 11.04.14
Journalført: 14/1361 Eha
Arkivkode: 212

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sveio kommune som viser kr 261 439 915 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 1 501 105. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sveio kommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Offices in:

Oslø	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Strøme
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Evjærum	Molde	Trondheim
Finnås	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Røros	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 10. april 2014
KPMG AS



Willy Hauge
Statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

REKNESKAP 2013

Innleiing

Med dette blir rekneskapen for Sveio kommune for 2013 lagt fram.

Rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 1,5 mill. i drift.
Investeringsrekneskapen er gjort opp med ei udekkta finansiering på kr. 0,6 mill.
Netto driftsresultat vart kr. 18,2 mill. mot budsjettert kr 12,1 mill.

Total bruk midlar var på kr. 460,9 mill. medan tilgang på midlar var på kr. 452,0 mill. Korrigert for endringar i ikkje brukte lånemidlar med kr.14,2 mill., medførte dette ein auke i arbeidskapitalen på kr. 8,9 mill.


Rekneskapen vil elles visa at aktivitetsnivået er svært høgt. Investeringsutgiftene var i 2013 kr. 54,8 mill. i tillegg kjem finansieringstransaksjonar på kr. 15,4 mill.

Lånegjelda har auka i 2013 frå kr. 241,4 mill. til kr. 283,1 mill.


I 2013 har ein auka avsetning til disposisjonsfond med 5,1 mill. Ubundne investeringsfond har minka med kr 7,2 mill.

For ytterlegare analyse, spesifikasjonar og kommentarar syner vi til noter til rekneskapen og årsmeldinga for kommunen.

Sveio , den 17.03.2014.



Bjarne Aksnes Martinsen
Rådmann



Peter O. Lura
Økonomisjef



Økonomisk oversikt - drift

1 SVEIO KOMMUNE - 2013

17.03.2014

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor.
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	11.491.572,86	12.790.496,00	11.980.496,00	12.452.475,00
Andre salgs- og leieinntekter	32.344.839,47	31.077.845,00	30.913.345,00	28.303.100,66
Overføringer med krav til motytelse	64.850.502,91	49.296.239,00	48.123.504,00	54.760.406,71
Rammetilskudd	153.632.362,00	152.522.000,00	155.472.000,00	147.070.219,00
Andre statlige overføringer	10.596.715,00	10.715.009,00	8.438.009,00	9.258.965,00
Andre overføringer	735.588,14	452.762,00	266.762,00	711.451,99
Skatt på inntekt og formue	116.585.034,77	118.383.000,00	109.809.000,00	109.383.441,82
Eiendomsskatt	10.025.015,00	10.018.000,00	10.340.000,00	9.837.103,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	400.261.630,15	385.255.351,00	375.343.116,00	371.777.163,18
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	194.466.298,10	185.785.932,76	183.227.456,00	187.357.244,67
Sosiale utgifter	52.339.825,30	65.872.074,00	64.134.179,00	49.657.591,84
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	41.807.326,66	39.309.388,24	34.797.394,00	42.792.482,45
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	57.450.137,27	50.475.256,00	53.250.602,00	53.038.408,78
Overføringer	23.871.986,68	20.205.134,00	16.776.107,00	24.013.817,04
Avskrivninger	16.331.649,05	14.505.342,00	14.505.342,00	15.411.509,88
Fordelte utgifter	67.340,00	-445.382,00	-445.382,00	2.400,00
Sum driftsutgifter	386.334.563,06	375.707.745,00	366.245.698,00	372.273.454,66
Brutto driftsresultat	13.927.067,09	9.547.606,00	9.097.418,00	-496.291,48
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	8.945.911,50	9.013.000,00	9.013.000,00	8.108.551,97
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	163.455,00	0,00	0,00	214.632,00
Mottatte avdrag på utlån	847.254,00	20.000,00	20.000,00	286.200,00
Sum eksterne finansinntekter	9.956.620,50	9.033.000,00	9.033.000,00	8.609.383,97
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	8.475.819,73	7.679.401,00	10.469.401,00	7.951.546,19
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	16.003,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	13.268.342,00	13.268.342,00	11.518.342,00	13.344.142,00
Utlån	205.653,67	0,00	0,00	62.961,08
Sum eksterne finansutgifter	21.965.818,40	20.947.743,00	21.987.743,00	21.358.649,27
Resultat eksterne finansransaksjoner	-12.009.197,90	-11.914.743,00	-12.954.743,00	-12.749.265,30
Motpost avskrivninger	16.331.649,05	14.505.342,00	14.505.342,00	15.411.509,88
Netto driftsresultat	18.249.518,24	12.138.205,00	10.648.017,00	2.165.953,10
Interne finansransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	8.251.179,77
Bruk av disposisjonsfond	2.090.686,18	1.078.162,00	1.355.000,00	325.000,00
Bruk av bundne fond	2.692.561,29	3.157.281,00	1.191.387,00	3.516.636,69
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	4.783.247,47	4.235.443,00	2.546.387,00	12.092.816,46
Overført til investeringsregnskapet	8.768.928,87	9.417.150,00	9.897.000,00	4.474.996,82
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	600.093,61	600.094,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	7.238.800,00	4.904.000,00	2.030.000,00	8.196.677,58
Avsatt til bundne fond	4.923.838,51	1.185.000,00	1.000.000,00	2.187.188,77
Avsatt til likviditetsreserven	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	21.531.660,99	16.106.244,00	12.927.000,00	14.858.863,17
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	1.501.104,72	267.404,00	267.404,00	-600.093,61



Økonomisk oversikt - investering

1 SVEIO KOMMUNE - 2013

17.03.2014

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2.290.927,00	5.050.000,00	6.950.000,00	10.669.963,00
Andre salgsinntekter	15.730,00	0,00	0,00	28.045,70
Overføringer med krav til motytelse	1.694.937,86	958.000,00	0,00	1.321.836,40
Statlige overføringer	742.618,20	2.820.000,00	2.820.000,00	92.000,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	4.744.213,06	8.828.000,00	9.770.000,00	12.111.845,10
Utgifter				
Lønnsutgifter	368.153,93	116.000,00	116.000,00	220.361,59
Sosiale utgifter	118.048,63	0,00	0,00	49.762,51
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	45.512.700,30	65.704.370,00	50.154.000,00	37.075.719,78
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0,00	0,00	26.225,00
Overføringer	8.914.966,36	12.289.665,00	10.617.500,00	4.387.905,23
Renteutgifter og omkostninger	3.440,66	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	-67.740,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	54.849.569,88	78.110.035,00	60.887.500,00	41.759.974,11
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	1.179.882,75	1.200.000,00	1.200.000,00	883.641,00
Utlån	3.832.000,00	4.000.000,00	4.000.000,00	3.476.500,00
Kjøp av aksjer og andeler	195.171,00	190.000,00	0,00	83.570,00
Dekning av tidligere års udekket	6.423.731,29	5.840.000,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	3.033.545,20	0,00	0,00	4.406.330,81
Avsatt til bundne investeringsfond	704.707,12	0,00	0,00	773.476,12
Avsatt til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	15.369.037,36	11.230.000,00	5.200.000,00	9.623.517,93
Finansieringsbehov	65.474.394,18	80.512.035,00	56.317.500,00	39.271.646,94
Dekket slik:				
Bruk av lån	42.225.134,90	57.559.860,00	43.200.000,00	26.358.198,01
Salg av aksjer og andeler	1.763.203,64	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.681.048,58	1.200.000,00	1.200.000,00	1.657.117,12
Overført fra driftsbudsjettet	8.768.928,87	12.269.665,00	9.897.500,00	4.474.996,82
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne driftsfond	112.466,54	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	10.320.393,29	9.482.510,00	2.020.000,00	309.206,73
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	48.396,97
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	64.871.175,82	80.512.035,00	56.317.500,00	32.847.915,65
Udekket/udisponert	-603.218,36	0,00	0,00	-6.423.731,29

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	9/14
Formannskapet	05.05.14	
Kommunestyret	19.05.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	210	

RYVARDEN KULTURFYR KF - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap
2. Revisjonsmelding frå KPMG as v/Willy Hauge
3. Styret si årsmelding 2013
4. Rekneskap 2013 (hovudoversyn, driftsrekneskap og balanserekneskap)
5. Noter til rekneskapen

Saksorientering:

I rekneskapssaker har kontrollutvalet som hovudoppgåve å gi uttale om følgjande tilhøve:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og kommunale føretak sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, herunder til ei kvar tid halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette foregår i samsvar med dei vilkår som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtalar med revisor.

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen før han blir vedtatt av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan takast omsyn til han før dette organet gir si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, styret si årsmelding, revisjonsmeldinga dagsett 10.04.14.

Rekneskap er lagt fram av Sveio kommune v/rådmannen. Årsmelding er lagd fram av styret i Ryvarden Kulturfyr KF. Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på 204.944 og eit positivt netto driftsresultat på kr 211.373. Etter avsetning til dekning av tidlegare års underskot med kr 233.193, viser rekneskapen eit rekneskapsmessig meirforbruk/**underskot på kr 21.819,-**.

Vidare merknader og forklaringar til rekneskapen går fram av årsmeldinga (vedlegg).

Innhaldet i revisor si melding:

Atterhald blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

I revisjonsmeldinga er det ikkje tatt inn atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

Vi meiner at særrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ryvarden Kulturfyr KF per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
-leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Et eventuelt årsoppgjersbrev frå revisor vil bli lagt fram for kontrollutvalet i eit seinare møte.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

SEKRETARIATET SITT FORSLAG VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2013 slik den ligg føre / med desse endringane:

Aksdal, 22.04.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Sveio

Kontrollutvalet sin uttale om Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2013

Kontrollutvalet har i møte 22.04.14, sak 9/14 handsama Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2013.

Rekneskapen består av hovudoversyn, driftsrekneskap, balanserekneskap og noteopplysningar.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga dagsett 10.04.14, revisoren sin årsoppgjersbrev og styret sin årsmelding dagsett 08.04.14.

*Årsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/**underskot på kr 21.819.***

Kontrollutvalet har merka seg at Ryvarden sin rekneskap for 2013 viser eit positivt netto driftsresultat med kr 211.373 og at foretaket har eit uinndekka lån hos Sveio kommune på kr 138.966.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av foretaket sin verksemd for 2013 og for foretaket si økonomiske stode pr 31.12.13.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2013.

Sveio, 22.04.14

Håkon J. Skimmeland
leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	10/14
Formannskapet	05.05.14	/14
Kommunestyret	19.05.14	/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

SVEIO BUFELLESSKAP KF - REKNESKAP 2013

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen
2. Revisjonsmelding frå KPMG AS v/Willy Hauge
3. Rekneskap 2013 m/noter

Saksorientering:

I rekneskapssaker har kontrollutvalet som hovudoppgåve å gi uttale om følgjande tilhøve:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og kommunale foretak sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, herunder til ei kvar tid halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette foregår i samsvar med dei vilkår som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtalar med revisor.

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal nemnda avgi uttale om årsrekneskapen før han blir vedtatt av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan takast omsyn til han før dette organet gir si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, dagsett 18.03.14 og revisjonsmeldinga, dagsett 10.04.14.

Rekneskapen er lagt fram av styret i Sveio Bufelleskap KF v/styreleiar (ordførar) og styremedlem (varaordførar). Rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med kr 165.838 og interne finans-transaksjonar med kr 138.701. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (**overskot**) på **kr 304.539,80**.

Vidare merknader og forklaringar til rekneskapen går fram av noter til rekneskapen (vedlegg).

Innhald i revisor si melding:

Atterhald blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

I revisjonsmeldinga er det ikkje tatt inn etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderar med at:

Vi meiner at særrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sveio Bufelleskap KF per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.*
- at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.*
-leiinga har oppfylt plikta si til å sorgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.*

Et eventuelt årsoppgjersbrev frå revisor vil bli lagt fram for kontrollutvalet i eit seinare møte.


Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2013 slik den ligg føre / med desse endringane:

Aksdal, 22.04.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Sveio

Kontrollutvalet sin uttale om Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2013

Kontrollutvalet har i møte 22.04.14, sak 10/14 handsama Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2013.

Rekneskapen består av hovudoversyn, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap og noteopplysningar.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga dagsett 10.04.14 og revisoren sitt årsoppgjersbrev.

Årsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 304.539,80.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket si verksemd for 2013 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Sveio Bufellesskap KF sitt årsrekneskap for 2013.

Sveio, 22.04.14

Håkon Skimmeland
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	11/14
Kommunestyret	19.05.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

OPPFØLGING ETTER SELSKAPSKONTROLL I SIM IKS

Ikkje-mangfoldiggjort vedlegg: Notat frå rådmannen, dagsett 10.02.14

Saksorientering:

Sveio kommunestyret vedtok samrøystes i møte 22.10.12, sak 102/12 om rapport etter selskapskontroll av SIM IKS følgjande:

Sveio kommunestyre tar Deloitte sin rapport om selskapskontrollen i SIM IKS til orientering. Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

Kommunestyret ber Sveio kommune sine eigarrepresentantar i SIM IKS syta for oppfølging av dei 8 tilrådingane i kap. 10 i rapporten.

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

1. ferdigstill eigerskapsmeldinga for kommunen,
2. samhandle med SIM IKS for å få innført årleg eigarmøte med SIM IKS,
3. fremme forslag til kriterium for kva som skal vektleggjast ved utnemning av styrerepresentantar til selskap kommunen har eigarskap i,
4. fremme forslag til praktisk opplegg og gjennomføring av obligatorisk opplæringsprogram for styre- og generalforsamlingsrepresentantar,
5. forslag til kommunestyret om korleis kommunen kan etablere praksis med at kommunestyret handsamer saker som skal opp i representantskapsmøte i SIM IKS,
6. sikre regelmessig informasjonsutveksling mellom representantskapsmedlemmane og administrativt nivå i kommunen,
7. etablere rutinar som gjer det mogleg å følgja opp at SIM IKS driv i samsvar med gjeldande regelverk

I kontrollutvalet si innstilling var det også tatt med følgjande:

Kommunestyret ber om at det vert laga ein handlingsplan som syner korleis dette arbeidet skal følgjast opp vidare. Handlingsplanen skal leggjast fram for kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet. Frist for framlegging vert sett til 01.01.13.,

Punktet blei stroke av kommunestyret, etter framlegg frå Jarle Jacobsen med eit tillegg om at det blei protokollert at Eigarskapsmeldinga del 2 skulle ivareta utgått tekst. Sistnemnde er ikkje tatt med under vedtak.

I kontrollutvalsmøte 28.01.2014 fekk rådmannen førespurnad av leiar av kontrollutvalet om å gjere greie for oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak. Rådmannen lova i møte å sjekke status til neste møte.

Denne selskapskontrollen omfatta også forvaltningsrevisjon og etter forskrift om kontrollutval § 12 skal kontrollutvalet sjå etter at kommunestyret sitt vedtak i handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon blir fylgt opp.

Rådmannen har i notat, dagsett 10.02.14, gjeve følgjande tilbakemelding:

«1. ferdigstillta eigarskapsmeldinga for kommunen,»

Eigarskapsmeldinga vart ferdigstilt våren 2013 og vedteken av kommunestyret 06.05.2013. Det er ønskjeleg å rullere denne hausten 2014.

«2. samhandle med SIM IKS for å få innført årleg eigarmøte med SIM IKS,»

Det kan i praksis skiljast mellom to ulike former for eigarmøte. Den fyrste formen (1) er den etablerte praksisen i Sveio kommune der formannskapet kvart år får informasjon av eksterne styre i forkant av formannskapsmøte. Den andre formen (2) er den formelle kontakten mellom eigar (kommunestyre) og eigarrepresentanter i generalforsamling eller i representantskap.

(1) SIM IKS vart invitert av ordførar til formannskapsmøte 27.05.2013. Det er praksis i Sveio kommune for at ordførar inviterer eksterne styre der kommunen har eigarinteresser til å gje informasjon i formannskapsmøte kvart år.

Ordførar, som leiar av formannskapet, har hatt og bør framleis ha ansvar for innkalling/invitasjon av eksterne styre.

(2) Punkt nr. 10 i eigarskapsmeldinga: «Gjennomføring av eigarmøte» tar opp «Eigarmøte» som tema. Eigarskapsmeldinga understreker at generalforsamlinga (representantskapet for SIM IKS) er det formelle eigarorganet. Det er representantskapsmøte årleg. §8 «Innkalling til møte i representantskapet» i Lov om interkommunale selskaper regulerer forøvrig dette feltet.

Ordførar (som leiar av kommunestyret/ formannskapet) og representantskapsmedlemmene bør ha ansvaret for at den formelle kommunikasjon fungerer optimalt.

«3. fremme forslag til kriterium for kva som skal vektleggjast ved utnemning av styrerepresentantar til selskap kommunen har eigarskap i,»

Dette er gjort i kommunen si eigarskapsmelding. Særleg punkt nr. 9, 11 og 15 har tekst som regulerer dette feltet: Også andre punkt tenderer innom dette vedtakspunktet.

«Nr 9. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor: Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.»

«Nr. 11. Valkomitè for utnemning av styre. (...) Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Valkomiteen si tilråding bør grunnjevast. Særleg bør spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet vurderast»

«Nr. 15. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra. (...) I utgangspunktet anbefalast det å unngå situasjonar der styrets medlemmer ofte blir vurdert i forhold til forvaltningslovens reglar om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av leiande politikarar i selskapsstyrene»

Valnemnda og kommunestyret må arbeide i samsvar med vedtekne prinsipp. Der Sveio kommune kun eig delar av selskapet, har punkt 11 i eigarskapsmeldinga relevant tekst: «For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, så bør det opprettast ein eigen valkomitè som speglar eigardelen i selskapet.» Dette er viktig for å kunne sette saman eit styre som ivaretar omsynet til komplementær kompetanse i styret.

«4. fremme forslag til praktisk opplegg og gjennomføring av obligatorisk opplæringsprogram for styre- og generalforsamlingsrepresentantar»

Punkt 1. i Sveio kommune sin eigarskapsmelding tar opp dette: «Sveio kommune vil organisera systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si årlege behandling av eigarskapsmelding og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll».

Rådmannen meiner at dette bør presiserast i samband med neste kommunestyreval, slik at ein sikrar at Sveio kommune sine representantar får tilstrekkeleg kompetanse når dei trer inn aktuelle oppgåver. Tilbod om kompetanseheving bør avpassast dei aktuelle representantane sin kompetanse og tilbod som blir gitt frå dei ulike selskapa. Ressursbruk bør difor kanalisert dit ein meiner det er størst risiko og størst konsekvens ved manglande kompetanse. Ansvar for dette punktet bør ligge til ordførar/ politisk sekretariat. Rådmannen, eller tilsette førespurd av rådmannen, vil stiller seg til disposisjon for råd.

«5. forslag til kommunestyret om korleis kommunen kan etablere praksis med at kommunestyret handsamer saker som skal opp i representantskapsmøte i SIM IKS,»

Dette punktet er ikkje uproblematisk. Paragraf 8 i lov om interkommunale selskap regulerer innkalling til representantskapsmøte:

«§ 8 Innkalling til møte i representantskapet

Representantskapets leder innkaller til møte i representantskapet når det er nødvendig for behandling av en sak som etter loven her eller selskapsavtalen skal behandles av representantskapet, og når det ellers er nødvendig for behandling av en bestemt sak. Representantskapets leder plikter å innkalle representantskapet til møte når styret, revisor, minst en av deltakerne eller minst en tredel av representantskapets medlemmer krever det for behandling av en bestemt angitt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal skje med minst fire ukers varsel og skal inneholde sakliste. De enkelte deltakerne skal med samme frist varsles om innkallingen og saklisten.

Representantskapets leder kan innkalle representantskapet med kortere frist i tilfeller hvor dette er påtrengende nødvendig.»

Dette kan følgjast opp på ulikt vis: Representantskapet sender normalt varsling om representantskapsmøte nokre veker/ månader i forkant av møte. Sakliste sendast ut 4 veker før møte.

Rådmannen meiner at representantskapsmedlemmene, som er utnemnt av kommunestyret, må ha ansvar for å vurdere om sakene som handsamast er av ein så stor betydning for kommunen, at det vil vere behov for informasjon eller handsaming i kommunestyret eller andre kommunale organ. Ein kontakt bør då takast med ordførar, som må vurdere evt ekstraordinær innkalling av kommunestyre. Ordførar kan også vurdere, når saksliste føreligg, å innkalle kommunestyret til ekstraordinært møte, dersom sakene tilseier det.

«6. sikre regelmessig informasjonsutveksling mellom representantskapsmedlemmene og administrativt nivå i kommunen,»

Rådmannen meiner at informasjonen bør gå frå representantskapsmedlemmene til kommunestyret (evt ordførar). Dette er i samsvar med rapporteringslinene og lovverk. Rådmannen bør inviterast med til evt møte. Rådmannen avgjer om andre evt møter på vegne av ham.

Ansvar for dette punktet bør ligge til representantskapsmedlemmer og ordførar.

«7. etablere rutinar som gjer det mogleg å følgja opp at SIM IKS driv i samsvar med gjeldande regelverk»

Lovverket regulerer dette. Revisjonen for selskapet, styret og representantskapet har ansvar for å følgje opp at selskapet «driv i samsvar med gjeldande regelverk». Det kan undergrave desse organa sin mynde og ansvar å etablere parallelle ikkje-formelle rutiner. I tillegg vil rådmannen meine at svara over på spørsmål 1 til 6 synleggjer korleis kommunen bør følgje opp at SIM IKS «driv i samsvar med gjeldande regelverk». Rådmannen ser det difor ikkje som føremålsteneleg å etablere ytterligare rutiner.

Utgreiinga over er sendt til ordførar for kommentar/ uttale: 20.03.2014. Ordførar hadde følgjande kommentar: «Ordføraren støttar rådmannen. Ordføraren vil syta for at eigarskapsmeldinga blir fulgt opp.»

Rådmannen ber kontrollutvalet ta stilling til dei svar som er gitt. Dersom kontrollutvalet ikkje har merknad til rådmannen sin tolking og kommentarar, vil rådmannen gje kommunestyret same tilbakemelding og anse oppdraget som førebels løyst.

Sekretariatet si vurdering


Rådmannen gjer ei grundig gjennomgang av kvart av punkta og visar at han/administrasjonen har vurdert grep for å betre tidligare praksis knytte til eigarmøte, utnemning, opplæringstilbod m.m.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapport etter selskapskontroll i SIM IKS til etterretning.

Melding om oppfølgingen sendes kommunestyret til orientering.

Aksdal, 22.04.14


Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	29.04.14	12/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

FØRESPURNAD OM KONTROLL AV KOMMUNSTYREVEDTAK

Vedlegg: Oversending av kommunestyresak 3/14 – fritak få politiske verv

Saksorientering:

Sekretariatet har motteke oversending av kommunestyresak 3/14, som var lagd fram for valnemnda og kommunestyret i møte 03.03.14. Saka gjeld søknad frå Odd Arne Haugen om fritak få sin politiske verv og som følgje av dette val av nytt fast medlem til kommunestyret, nytt medlem til hovudutval teknisk/næring og nytt varamedlem til formannskapet.

Alle vedtak var samrøystes med unnatak av pkt. 5 om nytt varamedlem til formannskapet. Der var vedtaket gjort med 21 røyster mot 4 røyster.

Kommunestyremedlemmet Helge Sveen bad at det ble protokollert følgjande:

Sveio kontrollutval blir bedt om å kontrollere at valet er gjort på lovleg vis.

Kontrollutvalet sine oppgåver og mynde

Mandatet til kontrollutvalet er å føre kontroll og tilsyn med forvaltninga. Som ein del av dette generelle tilsynsansvaret har utvalet fått ansvar for enkelte konkrete oppgåver. Kontrollutvalet skal:

- gje uttale om kommunen sin årsrekneskap,
- utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og
- rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar.

I tillegg skal kontrollutvalet sjå til at:

- kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, både når det gjeld rekneskaps- og forvaltningsrevisjon,
- revisjonsmerknader blir følgde opp,
- det blir ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga skjer i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak,
- det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll,
- kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonar blir følgde opp.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret. Myndet til kontrollutvalet er knytt til gjennomføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene til utvalet. Dette inneber å setje i verk forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre undersøkingar i kommunen, og dessutan å sjå til at årsrekneskapen blir forsvarleg revidert.

Kontrollutvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga, og utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av folkevalde organ.

Utvalet skal ikkje nyttast som arena for «omkamp» om politiske saker der fleirtalet i kommunestyret eller politiske utval har fatta eit vedtak. Kontrollutvalet skal heller ikkje vurdere om politiske vedtak er føremålstenlege.

Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret til dømes har treft, eller er i ferd med å treffe, eit vedtak som vil vere ulovleg. Det vises til rundskriv H-15/04 om forskrifta §4:

Kontrollutvalget er kommunestyrets eget kontrollorgan og dermed ikke underlagt andre organer i kommunen. Kontrollutvalgets tilsynsansvar omfatter derfor ikke kommunestyret selv. Kontrollutvalget kan likevel uttale seg dersom kommunestyret for eksempel har truffet eller er i ferd med å treffe et vedtak som vil være ulovlig.

Kontrollutvalget har ikke plikt til å behandle andre enn de saker som det får seg forelagt fra kommunestyret, eller der det framgår av forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Når det gjelder henvendelser fra andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalget selv vurdere om saken hører under utvalgets kompetanseområde og om det vil prioritere saken.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet. I tillegg må kontrollutvalet vurdere om saka representerer ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging.

Lovlegheitskontroll

Når det gjeld lovlegheitkontroll er det reglane i kommunelova § 59 som regulerar dette. Det krev at tre eller fleire medlemmer av kommunestyret set fram krav i møtet og at saka blir lagd fram for organet igjen, før saka vert sendt til overordna organ (fylkesmannen). I denne saka er det ikkje fremma slike type klage.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er gjort nokon feil når det gjeld prosedyra for vala. Etter § 8 i kommunelova skjer val av medlem og varamedlem til formannskapet som forholdsval når minst eitt medlem krev det, elles som avtaleval.

Opprinneleg i lova fra 1992 var det krav om at valet til formannskapet alltid skulle være etter framgangsmåten for forholdsval, men er seinare blitt endra, slik at det er åpna for å tillate avtaleval.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval viser til førespurnad om kontroll av kommunestyrevedtak i sak 3/14 og kan ikkje sjå at det har skjedd noko ulovleg.

Aksdal, 23.04.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio offentlege servicekontor

Sveio kontrollutval
Pb 57

5575 AKSDAL

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 13.03.14
Journalført: 14/108/14
Arkivkode: 217

Dykkar ref.:

Vår ref.: 14/14-13/14/2692

Arkiv: N-022 Dato: 11.03.2014

VEDK. VEDTAK I SVEIO KOMMUNESTYRE , MØTEDATO 03.03.2014, SAK KOM-003/14

Vedlagt blir sakspapir frå Sveio kommunestyre, sak KOM-003/14 SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV – ODD ARNE HAUGEN oversendt, i det vi viser til protokolltilførselen i vedtaket.

Med helsing

Siv Bua Rasmussen
leiar offentleg servicekontor/politisk sekretær

Kopi til:

Håkon Skimmeland Høghaugvegen 9 B 5550 SVEIO